

Gamleskolen med ny inngang

18.03.2014



Gamleskolen er under stadig opprusting og har ein svært positiv besøksstatistikk - også når det gjeld utleige til møter og arrangement, Ikkje minst er det som skjer i kjellaren spennande og den nye inngangen er eindel av prosjektet. Den tek no form og ein finn han på baksida, frå vegen mot kyrkja og Rabben (Foto over).

Tiaren er ein fast post i huset og den har fått ein lovande start på nyåret. Statistikken fortel at salet ein av tysdagane var heilt oppunder 2000 kroner trass i at maksimumsprisen framleis og sjølv sagt er 10 kroner. Dei 10 fyrste tysdagane i 2014 har 435 besøk kafeen - det vert eit snitt på 43 store og små.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen